



Lamma vil inn i gamlastovo saman med Johannes. (Foto: Bjarne Øymyr)

**Åslaug Snilstveit og Bjarne Øymyr i Øyaposten har besøkt Johannes Hauge og alle dyra hans i Oppiskorpen, som er det eldste og opprinnelege hovudbruket på Skorpo.**

**Resultatet er ein koseleg reportasje i siste nummer av Øyaposten, som kom ut for få dagar sidan og som er å få kjøpt på Øyo og hos Gøril Guddal i galleriet i Rosendal.**





” Dette bildet har heidersplassen i gamlastovo. Det er teke i 1911 og frå venstre sit oldemor til Johannes, Guro Skorpen, mora Kari, bestemor Anna, Kari og foran Lars Skorpen. Til høgre bestefar Haktor Skorpen.

Frå denne plassen finn ein namn i skattelistene heilt frå 1519. Etter at Skorpen vart seld og Langballelekta tok over fekk folket i Oppiskorpen fortsetja å bu der. Dei vart bygslarar under det nye hovudbruket til Langballe. Og slik er det framleis.

Åslaug Snilstveit skriv slik om møtet sitt med Johannes og dyra:

” Johannes Hauge tek vel imot oss på tunet. Men aller fyrst må vi helsa på hunden Bamse som gøyr alt han orkar. Her skal ingen koma umeldt. Bamse er i pensjon hos Johannes i tre veker. Vi har tru på at Johannes ikkje er typen som seier nei. Her har dyra det fint det fint og det merkar vi fort for snart er her drama.

Johannes har to flaskelam og dei er retteleg slalu og fornærma. Bamse får for mykje kos bak øyra. Johannes er deira kompis, dei vil ha han for seg sjølv. Snart trampar dei i bakkjen og vil stonga og Bamse viser tenner. Johannes må kjefta endå han likar det dårleg.

Johannes har eit ualminneleg godt lag med dyr. Lamma diltar etter kor han går. Jamvel inn i gamlastovo vil dei. Men då ler Johannes og skyflar dei venleg ut av døra”.

No har Johannes fem sauer, ein ver, ei ku, ein kalv, to hanar og nokre høner.

Gamlastovo er frå 1794 og var opprinneleg ei røykstove, men løa kan vera enda eldre. I denne stova vart Lars Skorpen, far til Paul og Leifen på Øyo, fødd. Mor til Johannes og Paul er syskjenborn.

Det var i hovudsak smør dei laga på Skorpo. Dei leverte aldri mjelk og det var ikkje mjelkerute som på Øyo. I tillegg dyrka dei bær og frukt og på det meste vart det levert 3.000 liter plommer til Olsen i Bergen.

Mjelke gjorde dei ute, Johannes sette etter kvart opp eit mjelkeskur. Dei hadde fire-fem kyr og nåke sau, men dei var inne om kvelden vinterstid, fortel Johannes i reportasjen.

Av Ola Matti Mathisen